

# Designvegg


ca 160 x 195 cm

Spikar i veggen tett oppunder taket. Desse er dei einaste hola som vil bli laga i husveggen.

Spikar i sidene på plankane. Bind plankane til spikaren under taket med hyssing, etter at ei rad med spikar har blitt slått gjennom planken frå baksida. På framsida vil det minne om spikarmattene ein av og til ser i vitsetegningar om fakirar. Planken i midten har to rader med spikar.

Eg har fått ein del spørsmål om korleis designveggen som viser på nokre av bilda på sidene her er bygd, så her er nokre teikningar. Ideen var min, men det er mannen min som har gjort alt arbeidet.


Du treng:  
3 plankar  
Nokre spikrar, ikkje altfor lange, dei må ikkje gå heilt gjennom isoporplatene  
Isoporplater, vi brukte 6 stk ca 65 x 80 cm og ca 5 cm tjukke  
Hyssing  
Stoff til å dekke isoporplatene med til slutt. Eg kjøpte flanell med 2" (ca 5 cm) rutenett på for nokre år sidan hos Keepsake. Eg veit ikkje kvar ein får tak i det no. Rutenettet er veldig greit når ein skal plassere bitar i eit større prosjekt.



treplankar

Press isoporplatene inn på spikrane. Dekk med stoff etter at alle platene er komne opp. Det er enkelt å feste stoffet med knappenåler rundt kanten.

*Flanell kan til ein viss grad halde fast stoffbitar på veggen, men eg tek ikkje sjansen på at eit uventa luftdrag skal skiple alt, så eg brukar alltid å feste dei med knappenåler, - og det er enkelt å stikke knappenåler rett inn i isoporen.*



spikar

treplanke sett frå sida

isoporplate sett frå sida